



Reidar Fyllingsnes
St Hanshaugen 2
5200 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10578 - 22/4455

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
17.01.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 214/2,56 Fyllingsnes

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 214/2,56
Tiltakshavar: Annie Rosa Sivertsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.01.2022.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla. Eigar av gbnr 214/38 og gbnr 214/107 må også varslast. Søknaden er sendt inn før frist for å komma med nabomerknader er ute. Det er ikkje opplyst om det er kome nabomerknader eller evt. kommentert desse.
2. Delar av arealet i vest er regulert til parkeringsplass, P2. Denne parkeringsplassen er i føresegna til planen regulert som ein disponibel parkeringsplass, gjesteparkering? Det må søkjast om dispensasjon frå arealformålet i reguleringsplan: Storneset strandplan del av Fyllingsnes, planid 1263-20101976. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside [Alver kommune - Dispensasjon](#). Du finn også informasjon i vedlagte informasjonsskriv. Gjer også merksam på at søknad om dispensasjon skal nabovarlas.
3. Det må oppgjevast kor stort areal ein søker overført.
4. I følgje kommunen sitt kart går det høgspenline over parsellen. Det må avklarast med BKK om dette får betydning for arealoverføringa.



Utsnitt av kommunen sitt kart m/ reguleringsplan.

Grensa mellom gbnr 214/56 og den private vegen er ikkje oppmålt. Grensa er derfor registrert med dårleg/ usikker kvalitet i matrikkelen. Etter kommunen sitt syn bør ein vurdere om ein heller bør rekvirere klarlegging av eksisterande grense. Me fillèt oss å gjera merksam på at søknad om dispensasjon utløyser eit gebyr på omlag kr.17 000 i tillegg til gebyr for sakshandsaming og oppmålingsgebyr.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)

Mottakarar:

Reidar Fyllingsnes

St Hanshaugen 2

5200 OS